



Kontrollutvalet

## Rapportering på status - forvaltningsrevisjon innan reiseliv

Fylkestinget (FT) handsama forvaltningsrevisjonen innan reiseliv i møte 19. oktober 2018, i sak 34/18. FT bad fylkesrådmannen følgje opp 8 punkt, og rapportere til kontrollutvalet innan 31.12.2018. I dette brevet går vi gjennom status for dei 8 oppfølgingspunkta.

***i. Sørge for å tydeleggjere forholdet mellom ulike sentrale styringsdokument innan reiselivssatsinga, og avklarar ytterlegare kva plandokument og målformuleringar som skal vere styrande for arbeidet innan reiseliv, slik fylkesrådmannen skisserer i høyringsuttalen.***

I samband med justeringar av verdiskapingsplanen for perioden 2018-2021 er det laga ei samanstilling av regional plan for verdiskaping (verdiskapingsplanen) vedteken i 2014, og rulleringsdokumentet handsama av FT i juni 2018. Dette er ein oppdatert kortversjon som presiserer kva som er gjeldande strategi. Det er også gjort fleire endringar på [www.verdiskapingsplanen.no](http://www.verdiskapingsplanen.no) som tydeleggjer kva som er gjeldande dokument.

Det er sendt ut bestilling til dei ansvarlege for alle satsingsområda i verdiskapingsplanen om å levere årsrapport for 2018, og årsplan for 2019 med frist 1. februar 2019. I bestillinga er det presisert at det ikkje må skapast tvil om kva som er gjeldande plandokument, - det er rullert verdiskapingsplan vedteken av FT i juni 2018.

***ii. Sørge for å tydeleggjere og operasjonalisere tiltaka i årsplanane ytterlegare, samt tydeleggjere samanheng mellom tiltak for det enkelte år i årsplanane og dei meir langsiktige tiltaka i fireårsplanen/den rullerte verdiskapingsplanen.***

Jf. punkt 1 har vi gjort presiseringar i bestilling av årsrapport og årsplan til ansvarlege for satsingane i verdiskapingsplanen. Vi har presisert at det må vere tydeleg korleis vedtekte målformuleringar styrer aktiviteten. I det vidare arbeide vil vi også legge vekt på at det skal vere ein tydeleg tråd i målstruktur, og tydeleg omgrepsbruk.

Det er laga utkast til plan for 2019 og rapport for 2018 innan reiselivsområdet, og føringane frå forvaltningsrevisjonen er følgt opp i desse utkasta.

***iii. Å få etablert eit system for å halde oversikt over aktivitetar og progresjon knytt til dei ulike tiltaka ein planlegg gjennomført det enkelte år.***

Internt i fylkeskommunen nyttar vi systemet [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) for å halde oversikt over tilskot. Dette fungerer godt, og vi vil halde fram med dette. Samstundes har vi trong for eit system over aktivitetar og progresjon samla sett for satsingsområdet.

Eit samla system for å halde oversikt over aktivitetar og progresjon i alle satsingar i verdiskapingsplanen ønskjer vi å ta tak i saman med Hordaland i det nye Vestland fylke. Inntil vidare har vi presisert at det er ein naturleg del av oppgåvene til dei ansvarlege for satsingane å halde slik oversikt i gjennomføringsarbeidet.

For satsingsområde reiseliv har vi utarbeida eit enkelt system for å halde oversikt over aktivitetar og progresjon. Systemet er knytt til formalisering av samhandlingsmøta og er nærare omtala under punkt v.

**iv. Etablere ei skriftleg skildring av kva oppgåver og ansvar som er lagt til sakshandsamar reiseliv.**

Det er laga ei samla skriftleg skildring av oppgåver og ansvar innan reiselivsområdet. Vi gjer merksam på at utviklingsarbeid fordrar ein dynamikk der oppgåver, oppgåveutføring og stillingsinnhald endrar seg over tid. Den skildringa som vi har laga er følgjeleg på eit tenleg konkretiseringsnivå, utan at vi går i detalj om konkrete arbeidsoppgåver.

**v. Formaliserer samhandlingsmøta mellom dei sentrale samarbeidspartane til dømes i eit årshjul, og sikrar at dei blir gjennomført i samsvar med intensjonen.**

Vi har utarbeida eit årshjul for samarbeidet med Innovasjon Norge og fylkesmannen som inneheld faste oppfølgingspunkt gjennom året. Det er lagt opp til 4 møte i året. På to av desse er hovudtema oppdatering på prosjektstatus, samt å løfte fram felles problemstillingar. I årshjulet er det laga oversikt over alle hovudaktivitetar, og oppfølginga vert drøfta i møta. Innkallingar og referat vert arkivført.

Pga. av samanslåingsprosessen med Hordaland er det lagt opp til å invitere dei regionale aktørane i Hordaland til eit felles møte for å sikre god koordinering fram mot Vestland fylkeskommune.

**vi. Tydeleggjere gjennom sakshandsamingsrutinane kva vilkår og krav ein vanlegvis skal stille i samband med tildeling av tilskot, og gi tydelegare retningsliner for vilkår og krav utover standardkrava i tråd med høyringsuttalen til fylkesrådmannen.**

Vi har to malar for tilskotsbrev innan næringsutvikling som er relativt omfattande, inneheld alle standardvilkår for tilskot og omhandlar m.a. vedtak og grunngjeving, informasjon om aksept, utbetaling, rapportering, og høve til å klage. Det er ein mal for tilskot under 100 000 kr og ein mal for tilskot over 100 000 kr. Vi meiner det er meir ryddig og oversiktleg å sjå direkte på malane for tilskotsbrev, enn å ta all teksten inn i sakshandsamingsrutinane.

Vi har presisert enno tydelegare i sakshandsamingsrutinane at det er to malar for tilskotsbrev med standardvilkår, og at det i sakshandsaminga er ei oppgåve å vurdere om det skal stillast krav ut over dei som ligg i tilskotsbrev. Vi har også nemnd nokre døme på slike krav.

**vii. Sørgjer for at tilgjengeleg informasjon om den enkelte tilskotsordning omfattar krav til rapportering for den aktuelle tilskotsordninga.**

I skriftlege rutinar for sakshandsaming for Nærings- og kulturavdelinga har vi presisert nokre punkt som alle utlysingar av tilskotsordningar skal innehalde. Krav til rapportering er eitt av punkta som er tatt inn. Vi har også opplyst om dette i seksjonsmøte. Alle utlysingar vert kontrollert av leiar, og leiar er merksam på dette punktet.

**viii. Sikre at vurderingar i samband med sakshandsaminga, dialog med tilskotsmottakarar og gjennomførte aktivitetar knytt til oppfølging og kontroll blir dokumentert, slik at det i etterkant er mogleg å etterprøve kva som er gjort og kvifor.**

Vi har presisert i sakshandsamingsrutinane at dialog med tilskotsmottakar og aktivitetar knytt til oppfølging og kontroll av tilskotet skal dokumenterast. Det er trekt fram som særleg viktig at endringar i tilskotsvilkåra (også utsetjing av rapporteringsfrist) vert arkivført. Vi har også gått gjennom dette punktet i seksjonsmøte.

**Oppsummering**

Vi har følgd opp dei 8 oppfølgingspunkta og vil framleis ha merksemd på temaet framover, m.a. med jamleg gjennomgang av rutinar, påminningar i seksjonsmøte og opplæring av nyttilsette.

Med helsing

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Jan Heggheim  
fylkesdirektør

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Kopi til:

Hovudutval for næring og kultur